



Norge universelt utformet 2025

K1 Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylker og kommuner

# RAPPORT TRYGGLEIKSVANDRING



LEIRVIK SENTRUM 16.OKT 2013



**STORD**  
kommune

ARRANGØR:

## «TRYGGLEIK OG TILGJENGE FOR UNGDOM PÅ STORD»

Prosjekt der Ungdomsrådet i Stord kommune er styringsgruppe og aktive prosjektmedarbeidarar



### Årsak til gjennomføringa av Tryggleiksvandringa

Tryggleiksvandringa i Leirvik sentrum haust 2013 var ein del av kartlegginga som ungdomsrådet i Stord kommune gjennomførte i samband med prosjektet «tryggleik og tilgjenge for ungdom på Stord». Eit av måla for prosjektet var å skape ein trygg og tilgjengeleg treffstad for ungdom i sentrum.

### Kva er ein tryggleiksvandring?

Tryggleiksvandring er ein metode for å skape eit tryggare nærmiljø. Der er ein metode alle kan bruke, og den er enkel å gjennomføre. I ein tryggleiksvandring oppdagar man ofte ting som man elles ikkje tenkjer på. Ein lærer seg noko nytt om det miljøet ein befinn seg i til dagleg. Tryggleiksvandringar bidrar til at fleire er med å påverke arbeidet for eit betre og tryggare utemiljø.

Det er fleire mål med tryggleiksvandringa, blant anna det å avdekke behov for fysisk endringar (lys, rekkverk, tilgjenge) men også å skape ein felles forståing for ansvaret for å førebyggje vold og anna kriminalitet. Det er også eit ledd i å etterkome endringar i plan- og bygningsloven frå 2009, som pålegg kommune og fylker å ta kriminalitetsførebyggande hensyn i sine planprosesser. Vandringa fører også til til mennesker kjem saman og diskuterer viktige spørsmål.



## **Deltakarar og gjennomføring**

Deltakarar på tryggleiksvandring er sentrale aktørar som har ulike roller for ansvar med å skape eit trygt samfunn i sentrum som politi, ordførar, næring og andre som er med å påverkar. Arrangementet starta med alle representantane møtte i kommunestyresalen kl 2000 for å få informasjon om kvelden. Her blei det orientert om opplegget av prosjektleiar Olav Sævareid og SLT-koordinator Terje Eriksen, og kvar deltaktar fekk utdelt materialet (kart med rute, anna informasjon).

## **Føljande var med på tryggleiksvandringa:**

Ungdomsrådet; Arja Myhre, Anna Sofie E. Valvatne, Svein Sandvold, Jonas S. Almås, Johanne Malene E. Valvatne, Marie K. Bruntveit og Torjus H. Sagenes  
Ordførar Liv Kari Eskeland  
Politi med 2 representantar  
Brannsjef Børge Presthaug  
SLT-koordinator Terje Eriksen  
Utekontakt Cecile Berger  
Prosjektleder Olav Sævareid  
Prosjektmedarbeidar Astrid Larsen  
Representant frå Natteravn  
Bladet Sunnhordland ved Anita Haugland  
Stord-Nytt ved Steinar Hystad.

Prosjektgruppa hadde på førehand laga ei rute vi skulle gå etter, og denne ruta fekk deltakarane utdelt markert på kart. Vandringa blei gjennomført ved at alle gjekk saman etter avtalt rute, og representantar frå ulike «etatar» kom med synspunkt på ulike utfordringar langs ruta. Etter vandringa hadde vi eit oppsummeringsmøte utanfor rådhuset.



# Kart for tryggleiksvandringa



# Funn etter gjennomført vandring på Leirvik

Påpeikte problem frå tryggleiksvandringa

Nummerert etter kart

1. Trapp

***Kva er problemet?*** Dårlig lys, ein del vegetasjon og mangel på rekkverk.

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Skifte lys pærer, og få meir lys (På veggane). Få ei betre ordning med rekkverk (få rekkverk bort til veggen, få rekkverk ned heile trappa) og vedlikehald av vegetasjon.

2. Kontainer, parkeringsplass.

***Kva er problemet?*** Mangel på rekkverk og lys. (Det er eit hol med ein strømmaskin/Transformator som har eit dårleg netting, me vil heller ha ei luka med lås på.)

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Setta opp eit høgare rekkverk.

3. Parkeringsplass.

***Kva er problemet?*** Lavt rekkverk som er rissiko for barn og lite lys.

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Høgare rekkverk og nye lyspærer!

4. Inngang kontorbygg

***Kva er problemet?*** Brennbart avfall inntil hus.

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Fjerna brennbart avfall inntil hus.

5. Parkeringsplass nord

***Kva er problemet?*** Defekt lys.

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Fiksa defekt lys.

6. Skur inntil hus

***Kva er problemet?*** Skur som er i svært dårleg stand, og full av brannfarleg avfall

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Ta kontakt med eigar, å få eiar til fiska problemet. Brannsjef vurderer strakstiltak.

7. Bak privat hus

***Kva er problemet?*** Mangel på rekkverk og lys.

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Setta opp rekkverk rundt trappa, setta opp lys på veggen. Ta kontakt med eigar!

8. ***Kva er problemet?*** Brannfare – boss/avfall – Bilar stod fornerme huset.

***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Ta kontakt med eigar, og få bilar flytta vekk i frå hus vegg.

9. ***Kva er problemet?*** Mangel av lys og rekkverk  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Setta opp rekkverk, få meir lys!
10. ***Kva er problemet?*** Trange uoversiktige flater. Vedlikehold ok? Lys?  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Setta opp meir lys i trapper
11. ***Kva er problemet?*** Mangel av rekkverk, evt. Stengt gjennomgang.  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Stenge gjennomgang
12. ***Kva er problemet?*** Midlertidig skilt, som ikkje er fast.  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Setta opp eit permanent skilt
13. ***Kva er problemet?*** Hol i vegen, mangel på lys.  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Ordne defekt i vegen, og skifte pære for å få betre belysning.  
Kontakt huseigar.
14. ***Kva er problemet?*** Lavt rekkverk.  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Fiks rekkverk! Minst 1 meter høgare!
15. ***Kva er problemet?*** Vegetasjon. Mangel på vedlikehald  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Vedlikehald av vegetasjon for å hindre "overfalls plassar"
16. ***Kva er problemet?*** Risikoar (brann, skade) Mangel på lys  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Rydde samt prioritere meir lys
17. ***Kva er problemet?*** Plasseringa av container + mangel på rekkverk.  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Endre plassering av container og sette opp rekkverk
18. ***Kva er problemet?*** Vegetasjon.  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Vedlikehand av vegetasjon
19. ***Kva er problemet?*** Dårleg trapp. Mangel på universell utforming.  
***Kva vil me at skal bli fiksa?*** Endre trapp slik at den blir tilgjengeleg for alle



## Positive område

- Bra lyssetting i øvre Borggata
- Bra tilgjengelegheit for alle gjennom heile Borggata

I løpet av tryggleiksvandringa observerte vi også positive områder, og spesielt øvre Borggata utmerka seg positivt både i høve belysning og trygge fortau. Hovudfokuset for denne vandringa var stadar vi har ynskje om endringar, derfor blir dette mest omtala i denne rapporten.